



Notat

Til: Benjamin Hicks

Kopi til:

Saksbehandler: Teknisk drift/Linda Folkestad

Vår referanse: 14/7119 - 5 / Gbnr - 185/317

Dato: 16.04.2015

Emne: Vedkomande førespurnad dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg - gbnr185/317

Teknisk drift syner til telefonsamtale med Dykk 16.04.2015 vedkomande førespurnad om uttale om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg – gbnr 185/317.

Tiltaket må plasserast slik at det ikkje kjem i konflikt med siktsoner til avkjørslane. Heile egedomsgrensa mot veg vert nytta som avkjørslane. Her er siktsonene til dei enkelte avkjørslane overlappende. Dette betyr at tiltak må trekkes minimum 1,0m lenger inn i forhold til søknad. Minste avstand frå eigedomsgrænse mot veg og tiltak vert da minimum 1,3m.

Tiltaket treng dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett. Avstandskrav til offentleg leidningsnett er av kommunestyret vedtatt å være minimum 4,0m. Tiltaket er i søknad plassert med ei avstand på 1,8m frå kommunalt leidningsnett. I tillegg er tiltak plassert nærare enn 0,5m frå privat leidningsnett. Privat leidningsnett ligg i grensa mellom kommunalt vegareal og privat eigedom.

Carport/terrasse må pga avstand til kommunalt nett fundamentast på fast fjell eller i nivå under leidningsnett for å hindre skader på tiltak ved utskifting/reperasjoner på kommunalt nett. Teknisk drift, VVA, kan ikkje sjå at det er muleg å fundamentere tiltak med den plassering som er vist i søknad. Avstand frå privat leidningsnett må aukast. Det vil seie at tiltak må flyttast lenger inn på eigedom. Minste avstand frå tiltak og grense mot veg vert da minimum 1,3m. Avstand til offentleg leidningsnett vert da minimum 2,6m. Denne avstand kan teknisk drift gje dispensasjon for under føresetnad om at tiltak vert forsvarleg fundamentert.

Med venleg helsing
Linda Folkestad

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 32 20 00
Telefaks +47 56 32 20 03

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 123456789

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

